

<http://www.israelsmisjonen.no/ressurser/materiell/prekenverksted>

Domssøndag/Kristi kongedag – 22. november 2020

Preiketekst: Matt 25,31-46

Lesetekst I: Jes 57,14-16

Lesetekst II: Op 20,11-13

Årsoppgjør

Til dagen

Siste søndagen før advent og nytt kyrkjeår, har eit sterkt alvor over seg. Tittelen på dagen, seier sitt: 'Domssøndagen'. Det handlar om det endelege møtet mellom Gud Herren og menneskeslekta. Dei to livets utgangar høyrer med i den bibelske budskapet, særleg denne dagen, og einkvar predikant gjer velt i å ta dette perspektivet med i førebuingane.

Elles har kyrkja siste åra hatt ei overskrift i tillegg denne søndagen: 'Kristi kongedag'. Eit dobbelt-tema er ikkje vanleg søndagskost, i alle fall ikkje på denne måten. Men den vante bibellesar kjenner att samanheng og sontring som i dette tilfellet.

Våre jødiske søsken, slik dei er skildra i GT, fekk erfara mang ein gong at trua på Gud inneber krav frå *'han som er høg og opphøgd'* (jfr lesetekst, Jes 57) og forventningar frå menneske. Trua er vel hjartans tilslutning til himmelens Gud, og samstundes ein veremåte som avslører det same.

Kongeperspektivet i GT, er sentralt. Kongeembetet var eit embete, gjeve av Guds nåde til menneske Herren kunne bruka nettopp til dette. Dei var personleg forplikta på si gudstru, og deira embetsgjerning var styrt av omsynet til Guds ære og folket si ferd som nettopp gudsfolk. I tillegg kjem det profetiske aspektet: kongen som bilete og frampeik mot Messias.

Til teksten

Avsnittet frå Matt 25 som er dagens tekst, avsluttar eit kapittel som ber med seg eit djupt alvor: Gudsrike-likningane om brurmøyane, v 1-13, om talentane, v 14-30, og tilslutt om dommen, v 31-46.

Jesus er direkte og tydeleg, slik berre han kan vera det. Sløvheter og falskheit frå og i Guds folk, skal ein dag endeleg avslørast. For Gud er ein heilag Gud, og kallar sitt folk til eit liv i helging. Berre på den måten kan trua gje Gud ære, og berre slik kan vitnemålet om Guds vilje til liv og frelse ha kraft, ja, berre slik kan du sjølv nå fram og inn.

Eit møte med Guds krav til rett liv, vil føra med seg ei sjølvverkjenning: kven er vel eg, som kan æra Gud med livet mitt? Møtet med Guds lov her og no, driv meg inn i Jesus Messias sine frelsararmar.

Det er denne heilage og nådige kvart menneske skal møta i dommen.

Den som vil ha nåden, men ikkje etterfølgjinga, misser kanskje begge delar. Den som vil ha eit liv etter Jesu føredøme, men ikkje ser trong til Guds nådige hjarta, ser ikkje Alvoret og difor heller ikkje nåden.

Til preika

Korleis skal Domssøndagen sitt veldige alvor formidlast til våre samtidige, som gjerne sidestiller Gud og kvarmann? Korleis skal Kristi kongestatus vinna innpass i ei tid der einkvar er sin eigen herre?

Grøftene er minst to: å nivellera Jesu krav til fordel for Jesu nådetilsegn, eller å definera Guds ufortente nåde som hjelp-til-sjølvhjelp.

Grøftene må likevel ikkje hindra oss i å gå Vegen. Dei som denne søndagen har fått kallet til preikestolen, skal frimodig stå fram! For Herren vil frelse, slik han vil miskunn og omsut for dei me møter langs vegen.

Truslivet skal ha sine kjenneteikn; 'for eg var .., og de gav', eg var ..., men de gjorde ikkje'.

Svolten, trøst og naken, det er visst stadig status på jord. Alltid er det nokon, nær eller fjern, som treng til at Guds folk bringer kongen Messias til dei. Alltid trengst det nokon som skal få nytta godt av frelsesgodene; sjølv det enklaste gode, kan vera himmel på jord for den som manglar alt.

Guds evige rike, skal vera nær alt no, liksom Kristus sjølv er det.

No er vår tid. No er Kristus nær. No ser Herren. I dag hjelper Herren. Og dei som har innvigd livet sitt til Kongen, skal gjera det ikkje berre i sitt hjarta, men '*Slik skal lyset dykkar (kan) lysa for folk, så dei kan sjå dei gode gjerningane dykkar og prisa Far dykkar i himmelen!*' (Matt 5,16)

'Når såg me deg ..' skal spørsmålet lyda på Dommens dag. Me såg ikkje, registrerte ikkje, sjølv om me laut stige over ein fallen for å passera. Prest og levitt ser, men går forbi.

Berre Den framande stoggar, bøyer seg ned, steller med og løftar opp. Slik ein konge er det Guds folk trur på og følgjer. Dette er symbolet på 'passet' i 'the Kingdom of God'.

Sjølv i velferdsnorge, finst det svoltne, tørste, søkjande. Korleis er det på din heimstad, i din kyrkjelyd? Kven tørstar og svelt, kven er i fengsel eller utan håp?

Sjølv i fellesskapet, der Guds ord flyt fritt, kan det finnast sjeler som lengtar etter Gud og himmel.

Kanskje lyt Herren kalla sine attende til 'Farmen', til dei enkle kår, der raske avgjerder må takast med dei middel som er til rådvelde!

'Gløym ikkje', sa Herren til folket på heimferd, 'gløym ikkje når du er framme, korleis du hadde det? Korleis Herren gjekk ved sida di, rettleia deg, og du hausta velsigning når du følgde hans vilje, og fortvilning når du veik av og hadde nok med ditt der du var?'

'Takk Herren, for han er god, evig varer hans miskunn' lærer Ordet oss (Sal 118,1). For oss, for dei mange.

Når tida er der, skal Herren koma att; *Men når Menneskesonen kjem, skal han då finna trua på jorda?* (Luk 18,8) Hjå sitt folk? Trua som gjentek: '... skal koma att derifrå og døma levande og døde.'

Ein Veg, Kristus. Det finst ikke noko anna namn. Difor må det gjerast kjend og trudd og etterfølgd. To utgangar: til æve hjå Gud, til fortaping, til æve utan Gud.

Dette lærer kongen Kristus oss. Dette er vegen for oss som har møtt evangeliet. Difor må det ut, i tru og liv.

Enno er det håp. Det er vårt kall, til sannferdig liv med dei rundt oss.

Me kan ikkje trua nokon til trua, berre elska dei til Kristus.

Geir Paulsen

Prost i Sogn

Geir.Paulsen@sogndal.kyrkja.no